

## SAK 41/17 SLT, ORGANISERING

### Saksopplysning

Med bakgrunn i endring i organisering av politiet i Hallingdal er det ynskjeleg å drøfte representasjon i Rådet for SLT-Hallingdal.

SLT-Hallingdal (Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak) starta i 1.1.2005, med ein prosjektperiode fram til 1.2.2008. Prosjektet var eigd av Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med lensmennene i Hallingdal. Prosjektet vart finansiert med midlar frå Justisdepartementet ved Kråd og kommunane i Hallingdal.

Prosjektet var utan fast SLT- koordinator, frå 1.12.2005 og fram til 15.8.2006, då Ole-Reidar Lågrinn, vart tilsett i 50 % stilling.

SLT - Hallingdal var frå 15.08.06 til 31.12.2010 organisert med ei styringsgruppe, oppnemnt av Regionrådet for Hallingdal og lensmennene i Hallingdal, med mandat frå regionrådet.

Styringsgruppa hadde 2 representantar frå Regionrådet for Hallingdal, 2 representantar frå kommunane i Hallingdal utpeikt av rådmannsutvalet og 2 representantar frå lensmennene i Hallingdal. Styringsgruppa var sett saman slik at det var med ein representant frå kvar kommune. Regionrådet hadde det formelle arbeidsgjevaransvaret.

Frå 1.1.2011, vart ei 50 % stilling som SLT-Koordinator for Hallingdal ei fast regional stilling, med Ål som vertskommune og der det er kommunane i Hallingdal som finansierer ordninga. Styringsgruppa vart lagt ned, men det vart etablert ei rådgjevande gruppe med samansetning og geografisk fordeling som tidlegare.

Ved val av representantar til Rådet for SLT-Hallingdal i 2015 ynskte Regionrådet for Hallingdal å ha med 3 representantar.

Rådet for SLT-Hallingdal består i dag av:

- Ordførar Tor Egil Buøen, Flå kommune, leiar
- Ordførar Tore Haraldset, Nes kommune.
- Ordførar Petter Rukke, Hol kommune.
- Rådmann Ole Jonny Stavn, Hemsedal kommune
- Kultur og oppvekstsjef, Inger Lise Høger Blakstad, Hol kommune
- Lensmann Pål Kasper Mikkelerud, Ål lensmannskontor
- Lensmannsbetjent Roger Bjåland, Gol og Hemsedal lensmannskontor

Ål 9.11.2017

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar